



## MØTEBOK

<b>Organ:</b>	<b>Sogn regionråd</b>
<b>Stad:</b>	<b>Årdal rådhus</b>
<b>Dato:</b>	<b>18.06.2021</b>
<b>Tid:</b>	<b>09:30 - 13:30</b>

A. Disse møtte:

<b>Faste medlemmar</b>
Hilmar Høl, ordførar Årdal kommune David Underdal, varaordførar Aurland kommune Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Audun Mo, ordførar Lærdal kommune Arnstein Menes, ordførar Sogndal kommune Roy Egil Stadheim, ordførar Vik kommune
<b>Medlemmar</b>
Karina Nerland, dagleg leiar Steinar Søgaard, rådmann Aurland kommune Kjellaug Brekkhus, rådmann Høyanger kommune Jarle Skartun, rådmann Luster kommune Gunn Lerøy, rådmann, Lærdal kommune Tor-Einar Skinlo, konst. kommunedirektør Sogndal kommune Øistein Søvik, rådmann Vik kommune Stig Stark-Johansen, kommunedirektør Årdal kommune
<b>Andre</b>
Jan Øhlckers, Vidsyn rådgivning AS Terje Laberg, leiar i næringsnettverket i Sogn Arve Varden, administrerande direktør og Vidar Øvrebø, stadleg leiar Helse Førde

- B. Hilmar Høl ønskte velkomen til Årdal.
- C. Innkalling godkjent utan merknader.
- D. Protokoll frå møtet 21. april 2021 godkjent utan merknader.

**Sak 11/21**  
**Programplan for System for styrka læring**

**Tilråding til vedtak:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal vidarefører det regionale barnehage- og skuleutviklingsprogrammet "System for styrka læring" for 2022-2030.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal vidarefører det regionale barnehage- og skuleutviklingsprogrammet "System for styrka læring" for 2022-2030.

**Sak 12/21**  
**Orienteringssaker Sogn regionråd**

**Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
  - Utlendingskontoret i Sogndal vert flytta til Førde. Rådet sender felles fråsegn.
2. Samferdslegruppa
  - Ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik – møte med departementet 14. juni 2021.
  - RTP og NTP vore drøfta i gruppa, jf orientering pkt 6.
3. Innspel frå medlemmane
  - Rådet ønskjer at rådmennene blir med på regionrådsmøta.
  - Regionalplan for Sogn: Møte om vidare arbeid 20.-21.9.2021. Arbeidsgruppe: Hilmar Høl, Arnstein Menes, leiar i rådmannsgruppa og dagleg leiar.
4. Rådmannsgruppa
  - Drøfta regionalplanen i sist møte og vil utarbeide eit utfordringsnotat.
5. Administrasjonen
  - Roller og samvirke mellom regionråd og fylkeskommunen - Neste møte blir 6. oktober 2021.
  - Kompetansebehov i arbeidslivet - innspel til Kompetanseforum Vestland sitt møte 11. juni.
  - Samarbeid med Hardangerrådet - utarbeidd eit diskusjonsgrunnlag som blir sendt til råda over sommaren.
  - Sogn for alle - Marit Reppen tilsett som ny prosjektleiar.

6. Regional transportplan v/ Jan Øhickers, Vidsyn - orientering og drøfting. Presentasjonen ligg ved.
  - Prosessen vidare:
    - Det blir arbeidd med felles fråsegn (utkast i august)
    - Politisk handsaming i kommunane i august/september.
    - Høyringsfristen er 12.9.2021.
  - Lærdalstunnelen: Innspel om å sjå på moglegheiter for å få to løp eller total sommarstenging ved oppgradering av Lærdalstunnelen.
7. Prosjektet statlege arbeidsplassar i Årdal v/ Jan Øhickers, Vidsyn. Presentasjonen ligg ved. - Rådmennene i Årdal og Sogndal utarbeider notat om at rådet støtter Årdal sitt arbeid.
8. Næringsnettverket i Sogn sitt arbeid v/ Terje Laberg, leiar av nettverket:
  - Nettverket sitt fellesprosjekt med dei fire innsatsområda er nedfelt i regionalplanen. No gå frå plan til handling.
  - Prosjektorganisering vil involvera heile nettverket. Bør søkje ekstern finansiering til gjennomføring av innsatsområda. Presentasjonen ligg ved.
9. Orientering frå Helse Førde v/ Arve Varden administrerande direktør og Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus. Presentasjonen ligg ved. Helse Førde kjem med nytt forslag til plan for møta med vertskommunane.

**Skriv og meldingar. Refererte.**

1. Styringsgruppa Sogn for alle, møtereferat 19. april 2021.
2. Næringsnettverket i Sogn, møtereferat 29. april 2021.
3. Programstyret System for styrka læring, møtereferat 5. mai 2021.
4. Innspel til dimensjonering av kompetansebehov – innspel frå Hardanger-Voss og Sogn, 7. mai 2021.

Hilmar Høl  
leiar

Petter Sortland

Audun Mo

Karina Nerland  
dagleg leiar